

Var med og heidra skotsk brass-legende!



Korpset tek mot vefortent applaus. Vegard er delvis skjult til venstre i bildet.

**- Dette var fantastisk! Å få vera med på dette saman med så mange utruleg dyktige musikarar gjev minner for livet.**

**Det var ein heilt legendarisk konsert, uttalte den unge musikaren, Vegard Døssland frå Uskedalen, etter ein heilt spesiell konsert han deltok på i Edinburgh sist søndag.**

Konserten var til ære for den skotske musikaren, dirigenten og brassband-legenden, Mr. John Dickson. Han vart heidra med Life Membership Medal for 50 års innsats, av den skotske korpsbevegelsen.

Korpset som spela på konserten var samansett av 40 musikarar frå 11 av dei absolutte toppkorpsa i Skottland. I tillegg var det 2 norske musikarar i korpset. Felles for alle dei utvalde var at dei hadde samarbeidd med Mr. John Dickson. Nokre hadde spela saman med han, nokre hadde vore elevane hans, og etter andre hadde spela i korps han hadde dirigert. Bakgrunnen for at Vegard vart vald ut, var at han har spela med St. David's Brass i både det britiske og det skotske meisterskapet siste året. Dette korpset har Dickson som dirigent. Den andre norske var Camilla Sandsøy Moss frå Tysnes. Ho spela med St. David's då ho studerte i Edinburgh. Det var også ho som formidla første kontakten mellom Vegard og det skotske brassmiljøet.

Konsertprogrammet var samansett av musikkstykke som Dickson gjennom åra hadde fått eit spesielt forhold til. - Det var eit fantastisk program som både var publikumsvennleg, og kjekt og utfordrande for oss musikarane å spela, fortel Vegard. Hovudstykket var Land of the Long White Cloud, elles var det stor variasjon og breidde i programmet som og inneheldt fleire imponerande solistframføringer.

Konserten var i ein sal som verkeleg hadde sjel og musikkhistorie; ærverdige Reid Concert Hall i Edinburgh, eit av verdas eldste musikkmuseum som er bygd for dette formålet.

Vegard set veldig stor pris på kontaktane han har fått med skotske brassbandmusikarar. - Det er eit fantastisk flott miljø der borte. Eg håpar det blir fleire turar over Nordsjøen for å spele saman med dei!

Tekst: Ola Matti Mathisen.  
Foto: Privat/St.David's Brass



Vegard i St. David's uniform under det skotske meisterskapet. På konserten søndag brukte han Uskedal skulemusikk si uniform.